

## Korleis verda blei til

### Alt begynte med ingenting

Har du nokon gong lurt på korleis alt blei til?

Når begynte verda?

Kvar kom universet frå?

Det har mange andre lurt på også. Nokre svar har blitt funne. For eksempel at alt begynte med ingenting.

### Eit lite punkt

Universet har ikkje vore her alltid. Det er 13,7 milliardar år gammalt.

Men sjølv ikkje dei flinkaste forskarane veit kva som skjedde heilt i byrjinga. Berre at noko eksploderte. Det er det vi kallar den store smellen (Big Bang på engelsk).



### Den store smellen – eller den store oppblåsinga?

Det er eigentleg litt løgn å kalle den store smellen for ein eksplosjon.

Det er meir riktig å seie at universet var ei bitte lita boble som blei blåsen opp til ein gigantisk ballong. Og det skjedde fort! Etter nokre få minutt hadde ho blitt like stor som Mjølkevegen, galaksen vår. Og det var gloheitt. Etter 300 000 år hadde varmen gått ned til 3000 varmegradar. Då blei atoma danna. Og etter det blei atoma til dei stjernene, galaksane og planetane vi kan sjå der ute i dag.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 226.

Gjer oppgåvene 1–7.